



Vedtekter

for Fagskolen i Møre og Romsdal



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

§1	Føremål	3
§2	Generalforsamling.....	3
§3	Styre	3
§4	Val av styre	3
§5	Oppgåvene til styret	3
§6	Styremøte	4
§7	Adgang til å avsette styret	5
§8	Rektor	5
§9	Lokal klagenemnd	5
§10	Oppgåvene til den lokale klagenemnda.....	5

Vedtekne av Fylkestinget i Møre og Romsdal 14. oktober 2008 (sak T-58/08), revidert i sak T-42/11, sak T-44/18 og 20. april 2020 (sak T-15/20).

§1 Føremål

Fagskolestyret skal arbeide for å utvikle og drive fagskoletilbod i samsvar med behovet for yrkeskompetanse i næringslivet og i offentlig sektor i Møre og Romsdal.

§ 2 Generalforsamling

Fylkestinget er generalforsamling for Fagskolen i Møre og Romsdal.

Generalforsamlinga skal:

- velje fagskolestyre
- velje leiar av fagskolestyret
- godkjenne vedtekter for fagskolestyret
- fastsette budsjett og økonomiske rammer
- godkjenne rekneskap og årsmelding

Generalforsamlinga kan avsette styret, jf. § 7.

§ 3 Styret

1. Styret er det øverste organet for Fagskolen i Møre og Romsdal.
2. Styret har 9 medlemmer med personlege varamedlemmer. Styret har slik samansetning: Fem medlemmer skal vere politikarar valt av fylkestinget. Ein av desse skal vere leiar. To medlemmer skal vere frå relevant arbeidsliv. Ein medlem skal vere student og ein medlem skal vere tilsett i Fagskolen i Møre og Romsdal
3. Styremedlemmene får godtgjering for vervet etter gjeldande reglar for godtgjering for politiske verv i Møre og Romsdal fylkeskommune.

§4 Val av styre

1. Styremedlemmer og personlege varamedlemmer blir valte for inntil fire år. Styremedlem valt av dei tilsette blir valt for to år. Styremedlem valt av studentane blir valt for eitt år, jf. § 10 i lov om høgere yrkesfaglig utdanning. (fagskolelova).
2. Generalforsamlinga vel fem medlemmer. Yrkesopplæringsnemnda oppnemner to eksterne medlemmer frå relevant arbeidsliv, dei tilsette oppnemner ein medlem blant dei tilsette, og studentane oppnemner ein medlem blant studentane.
3. Generalforsamlinga vel styreleiar, og styret sjølv vel nestleiar.
4. Ein styremedlem blir sittande til nytt styremedlem er valt om tenestetida er gått ut. Når særlege grunnar ligg føre har eit styremedlem rett til å tre tilbake før tenestetida er ute. Styret skal varslast i rimeleg tid på førehand.
5. Samansetninga av eksterne styremedlemmer skal spegle strukturane i næringslivet/arbeidslivet i Møre og Romsdal. Forslag til styremedlemmer og varamedlemmer frå næringslivet skal fremjast av bransjane sjølve til yrkesopplæringsnemnda.
6. Ingen kan bli attvalt som styremedlem dersom vedkomande har fungert i dette vervet i eit samanhengande tidsrom på åtte år.
7. Ved samansetning av styret gjeld krava i likestillings- og diskrimineringslova § 28.

§ 5 Oppgåvene til styret

1. Styret for Fagskolen i Møre og Romsdal har ansvaret for å drifte og vidareutvikle fagskoletilbodet i samsvar med føremålet for fagskolen og innafør dei rammer som fylkestinget gir etter § 2
2. Styret har ansvar for at opplæringa er i samsvar med akkrediteringa frå NOKUT og at opplæringa er i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for verksemda.
3. Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø og skal i samarbeid med studentorgana leggje til rette for eit godt og inkluderande skolemiljø.
4. Styret skal leggje til rette for at studentane får høve til å ivareta sine interesser og samarbeide med leiinga ved fagskolen. Studentane har rett til å bli høyrd i alle saker som vedkjem studentane.
5. Studentane skal vere representerte i dei kollegiale organa ved fagskolen.
6. Styret skal sjølv fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtak skal gjerast årleg før studiestart.
7. Styret er klageinstans i saker som gjeld klage på opplæringa og studiekvaliteten.

Styret skal også:

- a. Utarbeide planar for innhald, struktur, omfang ,organisering og gjennomføring av fagskoleutdanninga .
- b. Tilsette rektor.
- c. Fastsetje krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiing ved fagskolen.
- d. Fastsette forskrift om gjennomføring av eksamen, prøver og anna arbeid.
- e. Framsette søknad til NOKUT om godkjenning av fagskoletilbod.
- f. Sørge for etablering og gjennomføring av systematiske kontrolltiltak for å sikre at verksemda er i samsvar med akkrediteringa og gjeldande regelverk.
- g. Sørge for at opplysningar som blir gitt til NOKUT, studentane og søkjarar til fagskolen er korrekte og fullstendige.
- h. Sørge for at studentar og søkjarar til fagskolen får nødvendig informasjon og rettleiing bl.a om skolepengar, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
- i. Sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt.

Styret kan delegere oppgåvene til fylkeskommunedirektøren og til rektor for fagskolen med mindre det går fram av lova at oppgåva ikkje kan delegerast.

§ 6 Styremøte

1. Styret skal behandle sakene i møte. Møtet kan haldast som fjernmøte dersom styreleiar finn det mest tenleg. Styreleiar kan unntaksvis også bestemme at ei sak kan behandlast skriftleg eller på annan betryggande måte.
2. Styret fastsett møteplan. I tillegg kan styreleiar kalle inn til ekstraordinært møte ved behov, eller om minst 1/3 av medlemene krev det. Innkalling til møtet skal skje med rimeleg varsel.
3. Styremedlemene har plikt til å møte om ikkje vedkomande har gyldig forfall. Forfall skal meldast og varamedlem skal kallast inn.

4. Styremedlemene har plikt til å delta i forhandlingane og stemme. Det kan ikkje stemmast blankt.
5. Om ikkje styret bestemmer noko anna, har rektor rett og plikt til å vere tilstades. Rektor har talerett i styret.
6. Styremøta skal vere opne. Styret skal vedta å lukke møtet når det ligg føre lovbestemt teieplikt og når styret behandlar sak som gjeld ein arbeidstakers tenestemessige forhold. Styret kan vedta å lukke møte ved behandling av saker som nemnd i kommunelova § 11-5.
7. Styremøta vert leia av styreleiar, eller i leiar eller nestleiar sitt fråvær, av den som styret peiker ut som møteleiar.
8. Styret er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemene er tilstades og stemmer.
9. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal av stemmene som er gitt. Ved stemmelikskap i andre saker enn val er stemma til møteleiar avgjerande. Ved stemmelikskap ved val, blir avgjerda gjort ved loddtrekning.
10. Det skal førast møtebok for styret.
11. Styremedlemmer og eventuelt andre møte i styret, har teieplikt etter forvaltningslova § 13. Brot på teieplikt kan straffast etter straffelova § 209.

§ 7 Adgang til å avsette styret

Dersom styret ved sine disposisjonar fører verksemda i fare, kan generalforsamlinga avsette styret og oppnemne nytt styre.

§8 Rektor

Fagskolen i Møre og Romsdal er etablert som ein fagskole med ein rektor.

Rektor skal ha nødvendig fag- og leiarkompetanse.

Rektor har myndigheit til å avgjere saker som ikkje kan vente til styret kan kome saman.

§9 Lokal klagenemnd

Styret oppnemner den lokale klagenemnda.

Den lokale klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlege varamedlemmer. Leiar- og varamedlem for leiar skal oppfylle lovas krav til lagdommarar og skal ikkje vere tilsett ved fagskolen. To av medlemene i den lokale klagenemnda skal vere studentar.

Den lokale klagenemnda er vedtaksfør når leiar eller varamedlem for leiar og minst to andre medlemmer er tilstades.

§ 10 Oppgåvene til den lokale klagenemnda

Den lokale klagenemnda skal behandle:

1. Klage på enkeltvedtak etter Forskrift om opptak, eksamen og sensur for Fagskolen i Møre og Romsdal med dei unntak som følgjer av kap. 4 i forskrifta.

2. Klage på enkeltvedtak etter Studentreglementet for Fagskolen i Møre og Romsdal. Den lokale klagenemndas vedtak i klagesaker kan ikkje påklagast.
3. Den lokale klagenemnda fattar sjølv vedtak som førsteinstans i følgjande saker:
 - a. Vedtak om annullering av eksamen , prøver og godkjenning av emner som følgje av studentens eige forhold og vedtak om utestenging.
 - b. Vedtak om annullering av godkjenning av tidligare utdanning eller fritak for emner og vedtak om utestenging.
 - c. Vedtak om at en student ikkje er skikka for utdanninga og vedtak om utestenging frå utdanninga.
 - d. Vedtak om utestenging frå praksisundervisning på grunn av merknader i politiattest.

Nasjonale klagenemnd for fagskoleutdanning er klageinstans for vedtak fatta av den lokale klagenemnda i saker som nemnd i pkt. 3a-d.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

Postadresse

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00**Mail:** post@mrfylke.no**Web:** mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune